



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED BRENNKOPPAR	
Om brennkoppar	Brennkoppar (impetigo) er ein hudinfeksjon med bakteriar, oftast gule stafylokokkar eller streptokokkar. Tilstanden kan variere i utsjåande og utbreiing på huda.
Kan barnet få sjukdomen fleire gonger?	Ja
Smittemåte	Brennkoppar smittar gjennom direkte kontakt med infiserte hudområde eller via infiserte gjenstandar.
Symptom og teikn til smitte	Det er to variantar av sjukdommen. Det vanlegaste er at det dannar seg område i huda med utslett som vert dekkja av ei tjukk honninggul skorpe. Det er vanleg med svie i området. I sjeldnare tilfelle kan det oppstå større blemmer på opp til 3 cm i diameter som inneheld væske med varierende utsjåande. Tilstanden kan affisere alle område av huda.
Tiltak ved utbrot av brennkoppar	God handhygiene er det viktigaste førebyggjande tiltaket. Ved utbrot i barnehage, skule eller SFO må god og systematisk handhygiene innskjerpast Ved få og små område med utslett vil dette kunne ivaretaast gjennom god tildekking, men ved meir utbreidde område med utslett vil det vere nødvendig at lesjonane er tørre og i ferd med tilhelast. Om ein ikkje får dekket til såra skal barnet vere heime frå barnehagen, SFO og skule. Ved utbreidd hudinfeksjon eller ved feber - kontakt lege. Barn med brennkoppar kan vende tilbake til barnehagen når det ikkje er fare for at smitteførande sårsekret kan påførast andre direkte eller indirekte. Vask såret reint for puss og skorper. Påfør bakteriedrepende salve, krem eller pudder, eks Bacimycin, Brulidine, Fucidin eller Pyrisept. Barnet sine negler klippast kortast mogeleg. Kan gå i barnehage/SFO/ skule dagen etter at behandling er igangsett.
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/sykdom/infeksjon-og-betennelse/brennkopper	Treng du meir informasjon ta kontakt med helsesjukepleiar eller legekantoret

SOLUND KOMMUNE